

Til fastlegane i Helse Fonna regionen

Dykkar ref.: Vår ref:
2024/443 - 3528/2024

Sakshandbehandlar:
Kjersti Haugen

Dato:
26.01.2024

Orientering til fastlegar om eMeistringstilbod til personar over 18 år som slit med panikkling, sosial angst eller depresjon.

Haugaland DPS, Helse Fonna, tilbyr internettbehandlinga eMeistring, som er eit nettbasert behandlingsprogram med ein varigheit inntil 14 veker. Behandlinga gir skriftleg støtte og tilbakemelding frå behandlar og nyttar kognitiv atferdsterapi som metode.

eMeistring er ei fleksibel ordning som gjer behandling mogleg for personar som har utfordringar med oppmøte eller vanskar med å søke hjelp. Personar kan sjølve fylle ut eige [tilvisningsskjema](#) på Helse Norge eller få tilvising frå fastlege eller behandlar i spesialisthelsetenesta.

På Helse Fonna si [heimeside](#) kan ein lese meir om behandlingsprogramma, kva tilvisinga må innehalde og kven behandlinga passer for.

eMeistring vurderer om pasienten har rett til nødvendig helsehjelp dersom tilvisinga ikkje kjem frå spesialisthelsetenesta.

Pasientar som ut frå tilvising verkar å kunne vere aktuelle for behandling, vil som hovudregel få tilbod om ein vurderingssamtale hjå eMeistring innan 2-3 veker. eMeistring held til ved Haugaland DPS i Haugesund. Pasientane treng ikkje møta fysisk for vurderingssamtale då denne kan gjennomførast digitalt.

Det faglege ansvaret for behandlinga er hos Haugaland DPS, men vi vil svært gjerne ha eit godt samarbeid med fastlegane. Om det er spesielle somatiske forhold som vi bør vite om, høyrer vi gjerne frå deg. Inga endringar vil bli gjort i eventuell medisinerings av pasienten under behandling i eMeistring. Har du spørsmål om tilbodet er du velkomen til å kontakta oss på telefon 52739000.

Vennleg helsing

Haugaland DPS
Helse Fonna HF

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

